

HYRDINGEN

Nr. 1

Februar 2024

ÅRGANG 66

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen




**Eldsjeler står for
mykje spennande
i trusopplæringa.
Sjå side 5 og 12**

Presten har ordet	s. 2	Trusopplæringsprisen	s. 5	Støtteannonser	s. 9
Redaksjonspennen	s. 3	Vaktskifte i VVS-kyrkja	s. 6	Gudstenestelista	s.10
Min song	s. 3	Å stå på rett grunn	s. 6	Kyrkjeboka	s.10
Julekonsert	s. 3	Innsetjing av sokneprest	s. 7	Bladpengar	s.10
Gudstenester i Arken	s. 4	Felles sokneråd i 3 sokn	s. 8	Møte og kunngjeringar	s.11
Landet for tusen år sidan	s. 4	Konsert med Julekoret	s. 8	Tilbod i trusopplæringa	s.12



Presten har ordet

Sokneprest Torgeir Vea
Skjold, Vats og Vikebygd kyrkjelydar



Me står ved inngangen til Fastetida, ei tid for refleksjon, bønn og åndeleg fornying i fleire religionar. Fasta skjer på ulike måtar, men vanlegvis avstår ein frå mat og eventuelt drikke frå soloppgang til solnedgang.

Fasta skjer på ulike måtar, men vanlegvis avstår ein frå mat og eventuelt drikke frå soloppgang til solnedgang.

oss. Stå derfor fast og la dykk ikkje tvinga inn under slaveåket igjen.»

Jesus var på jorda for å gjera oss fri, visa oss vegen tilbake og vidare fram. Fri til livsutfalding og fri frå fangenskapet til synda. Viviane i Sjokoladefilmen er på den måten eit stort og flott førebilete. Sjølv om ho ikkje gjekk i kyrkja, var ho ein eksemplarisk kristen med måten ho levde. Og sjølv om ho ikkje overheldt Faste-praksisen til kyrkja, brukte ho fastetida til å vera ein god kristen og sette folk fri. Godheit blir ikkje målt i kva me fornekta oss, men i kva me gjer mot kvarandre. God fastetid og velkommen til gudstenester!

Jesaja 58,6-8:

*Nei, dette er fasta eg har valt:
å løysa urettferdige lenker,
sprengja banda i åket,
setja undertrykte fri
og å bryta kvart åk sund,
å dela ditt brød med svoltne
og la hjelplause og
heimlause koma i hus.
Du skal sjå til den nakne og kle han,
du skal ikkje snu ryggen til dine eigne.
Då skal lyset renna for deg*

*som morgenrøden,
brått skal du lækjast.
Di rettferd skal gå framfor deg
og Herrens herlegdom
følga etter deg.*



Torgeir Vea avsluttar ofte preika si med å ta fram gitaren og synga for kyrkjelyden.

HYRDINGEN:
Ansvarleg: Steinar Skartland
Tlf. 908 73 170
E-post: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3240.11.17937 og
Vipps-nr. 531472
Adr. Skjold kyrkje
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Layout/trykk: Omega 365 Design

SOKNEPRESTANE:
Kontortid etter avtale. Måndag er fridag.

Ølen og Bjoa
Vikarprest Sigfred Sørensen
Kontor: Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf. 53 65 65 41 / 488 90 359
sigfred.sorensen@outlook.com

Skjold, Vats og Vikebygd
Sokneprest Torgeir Vea
Kontor: Skjold kyrkje, Kleivav. 2, 5574 Skjold
Tlf. 982 42 094
torgeir.vea@vindafjord.kommune.no

Vikedal, Sandeid og Imsland
Vikarprest Sigve Hasseløy Clementsen
Kontor: Vikedal kyrkjekontor
Kyrkevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal
Tlf. 957 52 858
sc833@kirken.no

Kateket Britt Karstensen
Tlf 53 65 65 42 / 452 21 580
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Haugaland prosti:
Pb. 612, 5501 Haugesund
Prost Rune Steensnæs Engedal
Tlf. 52 80 95 00 / 918 34 019

Kyrkjeverja i Vindafjord:
post.kyrkja@vindafjord.kommune.no
Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93 / Mob. 977 64 146
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96 / Mob. 917 95 875

Sokneråd, leiarar:
Skjold, Vats og Vikebygd:
Sunniva Tveit Gregersen
Ølen og Bjoa: Gunda Berge
Sandeid: Tore Tokheim
Vikedal: Anders Ledaal Bjørnestad
Imsland: Marita Kvitholm Staurland

Redaksjons-PENNEN

Av redaktør Steinar Skartland

Vi er heldige i våre bygder, med dyktige musikarar som gler oss titt og ofte. Nokre er kjende langt utover våre kommunegrenser, andre meir lokalt. I Vikebygd har vi stadig fått oppleva flotte konserter i kyrkja og i andre bygg. Både med gode lokale krefter, eller tilreisande kor, solistar og musikarar. I ei heilt fullsett Skjold kyrkje vart dei ein flott julekonsert. «Julekoret» med deltakarar frå fleire bygder, barnekor og ei rekke deltakarar på instrument og vokal. Slik er det også i dei andre bygdene. Tusen takk til dei som tek initiativ og alle dei som gler oss med musikk og song.

Eit nytt år er teke til. Skjold, Vats og Vikebygd har fått tilsett ein ny sokneprest som endå til tek med gitaren og syng for kyrkjelyden. På orgelkraakkane har ein ny kantor (organist) teke plass. Velkommen til dei nye, og takk til dei «pensionistane» som framleis gjer teneste i dei andre sokna. Desse representerer kunnskap og erfaring frå eit langt liv. Det er flott å kunna lytta til dei har å formidla, frå Bibelen og frå livet. Dei går godt inn i ein stab som samarbeider med frivillige om tenester og tilbod frå vogge til grav. De er alle viktige, tilsette som frivillige medarbeidarar. Og «dugnadsånda» lever. Takk for innsatsen og det du tek del i. Likevel må kyrkja igjen prøva å finna sokjarar til dei ledige stillingane (2 sokneprestar og ein kantor).

Me vonar dette lukkast og ynskjer alle eit godt år, med vona om at mange nok nyttar giroen til bladpengar slik at Hyrdingen kan halda fram med å koma ut til alle husstandar i åra som kjem. Takk for di støtte. Kom gjerne med innspel som kan gjera bladet betre.



Koret Cantus Vitale.

Min song

Omtale ved Randi Byrkja Dagsland

Det er då jammen ikkje lett å velja ein song når det er tusen å ta av! Song og musikk har vore med å forma meg frå barndommen, gjennom ungdomstid, og inn i vaksen alder fram til i dag.

Alt frå triste viser frå «frem fra glemselet» og töysesongar med «smurfene», til djupe tekstar frå «Eidsvåg» og «Dagsland». Eller frå «pop, rock & country» til «bedehusland» har blitt brukt til å speglia dei mange førelsar gjennom ulike fasar av livet.

Eg kjente eg blei sveitt av tanken på å velja berre ein...!

Likevel var valet forunderleg lett: Den viktigaste songen i livet mitt er ganske enkel. Kveldsbøna som mamma og pappa song med meg på sengekanten er den viktigaste songen. Alle eg er glad i har sunge den med meg. Farmor og mormor



Randi Byrkja Dagsland driv gard på Vestre i Skjold der ho har familie og tre vaksne døtrer. Ho er aktiv i kor og song i kyrkjer og bedehus, m.a. m.a. som ei i songgruppa: «Dei tre Byrkja-jentene» og dirigent for eit nystarta mannskor.

song den med oss. Eg har sunge den med søstrene mine, og med døtrene mine. Eg har fått høyrta min kjære syngja den med jentene våre, og nå skal me få syngja den med barnebarnet vårt.

Denne songen representerer for meg takknemlegheit, tillit og trygghet, og minner meg på Jesu ord i Matt 18.1-5.

Matt 18:1-5

Kjære Gud eg har det godt
Takk for alt som eg har fått
Du er god, Du holder av meg
Kjære Gud går aldri frå meg
Pass på liten og på stor
Gud bevare far og mor
og alle barn på jord!



Rut Jøri Eidhammer Mangrud og Hanna Frøvik Svendsbøe.

Julekonsert med Cantus Vitale

Tekst og bilete: Steinar Skartland

Konserten i kyrja fekk fram både advent- og julestemning. Takk for flott musikk og song av: Haugesunds-koret Cantus Vitale; Lina Fisk Eide til musikk av Lars Johannes Leiknes; duoen Hanna Frøvik Svendsbøe og Rut Jøri Eidhammer Mangrud; og opningsmusikk ved Arne Tveit (orgel) og Helge Veastad

(el.gitar). Cantatus Vitale slutta av konserten med eit musikalt ynskje til oss alle: We Wish You a Merry Christmas and a Happy New Year.

Gudstenester i Arken

Tekst: Vikarprest Sigfred Sørensen

Bedehuset og soknehuset Arken vart tatt i bruk i mai 2023. Då vart også huset vigsla til kyrkjeleg bruk, og kan nyttast til gudstenester og andre kyrkjelege handlingar. Arken er ikkje berre eit vanleg bedehus, det er også soknehus. Soknerådet har difor eit av sine medlemer som styremedlem i Arken, og kontakten med kyrkja er både formelt og praktisk nær og god. Det har også den konsekvens at Arken fekk lån frå Opplysningsvesenets fond ved bygginga.

Det har vore reist ein del spørsmål om å bruka Arken til gudstenester, mange er positive til dette, men nokre er også skeptiske. Difor vil eg gjerne gi ei kort grunngjeving for den praksis soknerådet tenker seg framover.

Det er gjort vedtak i soknerådet om at vi skal leggja 2 av dei 21 forordna, årlege gudstenestene i Vats til Arken. Det kan vera familiegudstenester eller andre større gudstenester.



Sigfred Sørensen (foto: S.Skartland).

Kyrkja har ikkje lagleg rom for t.d. kyrkjekaffi, så slike samlingar er lettare i Arken. Korpartiet er også svært tront i kyrkja. Dei fleste bygder har ei eller fleire gudstenester på andre stader enn i kyrkja. Det har vi også hatt i Vats, til dømes på Refsnes. Kyrkja i Vats vil framleis vera i full bruk, både til gudstenester, gravferd og vigsler. Det er viktig at barn og unge får eit eigarforhold til kyrkja, og det vil vi leggja stor vekt på også i framtida. Men samstundes vil vi understreka at også Arken er kyrkjelyden sitt hus.

Eg har i mi presteteneste alltid vore oppteken av å byggja ned skiljet mellom kyrkje og bedehus, og arbeida saman i eit positivt og inkluderande fellesskap. Difor er eg glad over å sjå at mange i Vats er aktive begge stader. For slik skal det jo vera, vi er Guds familie, seier Skrifta. Om vi ikkje alltid er samde om alt, hører vi saman i tru og teneste.

Nå har vi fått eit nytt og praktisk gudshus som har vore etterlengta i fleire tiår, og eg er viss på at det vil verta til velsigning, også langt utover bydegrensene.

Sigfred Sørensen, nyleg overflytta vikarprest til Ølen og Bjoa.



Steinkross ved Grindheim kyrkje i Etne. Truleg utforma etter mønster frå eit kloster i Irland.

Landet vårt for tusen år sidan

Tekst og foto: Øvind Jønsson

Sommaren 2024 skal vi feire at Mostratinget, etter framlegg frå kongen, Olav Haraldson, vedtok kristenretten. Dette var eit steg i ein prosess som førte til viktige endringar både i religion, samfunnsliv, lovverk og kontakt med andre land og kulturar.

Kva veit vi om den førkristne tida? Åttesoger, kongesoger og skaldekavad fortel om samtidstilhøve, personar og hendingar. Det var eit åttesamfunn der einskildmennesket fekk verdi etter kor mektig ætta var. Dessutan var mange trælar, som ikkje eigde seg sjølv ein gong. Ein vanleg gard på Vestlandet hadde seks kyr og to trælar. Eit nyfødt barn fekk verdi når faren hadde godtatt det. Uønska barn kunne ein setja ut i utmarka for å døy. Dei historiske kjeldene fortel også om religionen. Mange stadnamn fortel

om gudane, t.d. Nerheim i Ølen, etter guden Njord. Elles var fruktbarhetskulten livsviktig. Alle gardsnamna, og kultstader knytte til Frøya fortel om dette, som Frøyland, Frøvik og Freåsen. Fallossteinen på Sandeid er eit synleg minne om denne kultusen.

Gudsdyrkingsa gjekk føre seg med bloting i bygningar kalla hov. Dei ofra dyr, og hesten var gjevaste offerdyret. Også menneskeofring kunne komma for å blidgjera gudane. Etter døden kom ein til Valhall eller Hel. Den siste låg "nord og ned" og var mørk og kald. Gravhaugar frå førkristen tid er minne om dette, t.d. gravene på Refsnes ved Vatsvatnet.

Korleis kom så kristendommen til landet vårt? Funn viser at norske fyrstar (t.d. Avalsnesfyrsten) hadde kontaktar lenger sør i Europa. Erkebisoppen av Bremen fekk Norden som sitt ansvarsområde. Det

var truleg misjonærar derifrå som virka i Oslofjordområdet (Viken). Vestlandet, særleg sørvestlege delen, kom i tett kontakt med dei britiske øyane under vikingtida, frå 800-talet av. Steinkrossar og bautasteinar med krossmerke er særleg talrike. Endringar i gravskikkane viser også at nye tider var i emning. Stor innverknad på kristninga vidare hadde kristkongane: Håkon Adelsteinsfostre, Olav Tryggvason og Olav Haraldson. Tusenårsmerkinga til sommaren er verdt å feire, og skriva om.

Trusoplæringspris til lokale eldsjeler

Tekst og bilete: Steinar Skartland

Det vart ei flott gudsteneste med fleire overraskinger i Skjold, søndag 26. november. Utan at det var kjent på førehand tok Berit Listog, leiar i FUT, over og kunn gjorde at dei nå skulle dela ut Trusoplæringsprisen til leiarane for Familiespeidinga i Skjold og Vikebygd: Lars Henry Dagsland, Karianne Dagsland, Iselin Tveit og Håvard Tveit

– I Vindafjord finst eit «Felles Utval for Trusoplærering» (FUT) og der samlast representantar for bygdene eller sokneråda våre for å ha fokus på, og omsorg for, trusoplæringsarbeidet i bygdene våre, innleia Berit Listog med.

– Både det som trusoplærarane: Esther, Berit og Britt står for, men også for det frivillige arbeidet som føregår rundt omkring i bygdene våre. Kvart år blir sokneråda utfordra på å koma med kandidatar til trusoplæringsprisen, der dei bevisst ser folk som på ein særleg måte har vist kjærleik til, og omsorg for, det frivillige arbeidet. Med trufastheit, kreativitet og tidsbruk som dei legg ned i det. Det kjem inn mange kandidatforslag og FUT prøver også å fordela prisane på bygdene. I år er det nokon i Skjold og Vikebygd som skal få prisen, sa ho.

Esther Åsheim tok over og las opp grunngjevinga for prisen dette året:

- Årets trusoplæringspris går til personar som betyr mykje for det levande arbeidet som føregår i bygdene våre. Dei har i mange år vore engasjerte som par, ektefelle og foreldre. Om det ikkje er dei som stikk seg mest fram i folkemengdene, så er det likevel dei som får ting til å gå rundt og opplegg til å bli gjennomført. Det ligg mange planleggingsstimar, samtalar og avtalar om møte bak arbeidet som dei gjer. De som har desse i bygdene dokkars, skal vera stolte og takknemlege for at dei bur akkurat i di bygd. Dei gjer ditt nærmiljø og di bygd til noko spennande for store og små. Arbeidet deira samlar folk i alle aldrar og det gjev mange positive opplevelingar.



Trusoplæringsprisen tildelt eldsjelene innan familiespeidinga.
F.v.: Lars Henry Dagsland, Karianne Dagsland, Iselin Tveit og Håvard Tveit.



Kyrkjelydspedagog Esther L. Åsheim las opp grunngjevinga for prisen.

Kateket Britt Karstensen hadde kjøpt inn «figurar» med tittelen «Glede». Det går på å syngja, le, dansa og skapa. Kvar av para fekk ein slik figur til tillegg til blomar og ein diplom som synleg bevis på pristildelinga.

Vaktskifte i «VVS-kyrkja»

Tekst og bilete: Steinar Skartland

Søndag 26. november kunne vikarierande sokneprest, Sigfred Sørensen, overlate ansvaret og stafettpinnen til Torgeir Vea som då vart innsett i tenesta som sokneprest i Skjold, Vats og Vikebygd, eller «VVS-kyrkja» som Torgeir sa det.

Torgeir Vea (55) er busett i Åkrehamn, og har i mange år vore sjømannsprest i m.a. Dubai, Sydney og nå sist på Tenerife. Han har nå teke over oppgåva og ansvaret som sokneprest i Skjold, Vats og Vikebygd sokn. I gudstenesta vart han med gode ord og handtrykk ynskt lukke til i tenesta fra avtropende prest, Sigfred Sørensen, som også representerte prosten denne dagen. Sigfred Sørensen hadde desse orda til Torgeir i gudsstenesta:



Torgeir Vea tar over oppgåva og ansvaret som sokneprest i Skjold, Vats og Vikebygd sokn og vert her ynskt lukke til i tenesta fra avtropende prest, Sigfred Sørensen.

Å stå på rett grunn

Helsinga frå Sigfred Sørensen ved innsetjinga av sokneprest Torgeir Vea.

Kjære Torgeir!
Vi helsar deg med nåde og fred denne dagen, og ynskjer deg Guds signing over tenesta du går inn i her i Vindafjord, og særleg i Skjold, Vats og Vikebygd!

I yngre år var eg prest på Jelsa i Suldal kommune. Der gjekk det gjetord om ein original som levde på 1800-talet, Store-Jon vart han kalla. Han var av dei små i samfunnet, føldrelaus og fattig, men hadde betre vit enn dei fleste i bygda. Likevel gjekk det lang tid før han fekk sleppa opp til konfirmasjon, for han kunne ikkje betala for seg. Og dei som hadde høgast stand og status, stod gjerne øvst på kyrkjegolvet under overhøyringa.

Store-Jon stod heilt nedst, og biskopen som var på visitas, skulle overhøra konfirmantane. Han var ein streng mann og sette store krav til dei unge som stod til konfirmasjon. «Her står både eg og de konfirmantar på kyrkjegolvet i den vakre Jelsa-kyrkja», starta han med å seia, «men kva stod Gud på då han skapte verda?» Det var ikkje noko lett spørsmål, og ingen våga å svara. Biskopen gjekk nedover golvet, men fekk ikkje svar før han kom heilt nedst. Der stod Store-Jon, og han såg biskopen i augo, og svara: «Eg meiner han stod på si allmakt!» Biskopen tykte svaret var så godt, at han flytte Store-Jon heilt fremst på golvet, og han vart konfirmert som den første.

Han stod på si allmakt! Det er litt av denne store Skaparen vi ser på denne siste sundagen i kyrkjeåret, Kristi kongedag blir han kalla. Og leseteksten i Jesajaboka seier: «I det høge og heilage bur eg». Men ordet stansar ikkje der, og Gud stansar

heller ikkje der, han bøyar seg ned til det låge, og seier: «og hos den som er knust og nedbøygd i ånda».. Ja, han blir sjølv knust for våre misgjerningar, det er ved hans sår vi får lækjemod, skriv profeten Jesaja. Hans kjærleik er grenselaus og hans nåde er uendleig.


Det blir sagt om oss prestar at det er 2 gåver vi treng framfor noko anna: Å vera glad i Jesus, og glad i våre medmenneske. Det er både sant og usant! For det er ikkje vår eigen kjærleik vi skal gi vidare, den kan ofte bli trøytt og kald. Som prest i Vindafjord skal du, Torgeir, gi vidare av Guds kjærleik til alle du møter. Med villige hender og varmt hjarta skal du ausa opp av frelsens kjelder, til liv og von for dei du møter på din veg. I denne tenesta står du ikkje berre på Guds allmakt, men på evangeliets grunn, og du skal seja med tryggleik: Kom, for alt er gjort ferdig! Det Jesus har gjort for oss alle, står fast i tid og æve!

Innsetjing Torgeir Vea

Tekst og bilete: Steinar Skartland

Etter at opplesing av brevet frå biskop, kunne Sigfred Sørensen som prosten sin representant setja inn den nye soknepresten i tenesta og leia forbørn for han. Så kunne Torgeir Vea ta over roret og leia gudstenesta vidare. Teksten på denne siste dagen i kyrkjeåret handla om dommen, men også om Guds ynskje om at vi skal hjelpe dei som slit. «Sanneleg, eg seier dykk: Alt de ikkje gjorde mot ein av desse minste, det har de heller ikkje gjort mot meg.»

Torgeir Vea avslutta preika si med å ta fram gitaren og synga for kyrkjelyden, og songstemma stod ikkje tilbake for den gode songen som også kyrkjelyden fekk ta del i denne dagen. Ei gudsteneste som vart avslutta med vakker korsong, med solist Ingebjørg Susort Velde.



Soknerådsleiar Sunniva Tveit Gregersen les opp tilsetningsbrevet for Torgeir Vea.

Kyrkjekaffi med mange helsingar

Tekst og bilete: Steinar Skartland

Sigfred Sørensen har vore ein godt likt prest i kyrkjene han har gjort teneste i. Både dei gode preikene, den gode songstemma og ikkje minst alle borna han har fått døypa. Nå kan vi gle oss over at han framleis skal tenestegjera som vikar i Vindafjord ei stund. Då primært i Ølen og Bjoa. Etter gudstenesta i Skjold var det duka for kyrkjekaffi og opna for å koma med helsingar til både den nye soknepresten, Torgeir Vea og til avtropende Sigfred Sørensen.



Tidlegare soknerådsleiarar frå Skjold, Gunnar Listog takka Sigfred Sørensen og ga han eit eksemplar av boka Vindetreet.



Ingebjørg Susort Velde var solist då songkoret avslutta gudstenesta.



Kyrkjeverje Inghart Lasse Tveit takkar for godt samarbeid med Sigfred Sørensen, og ynskte den nye soknepresten velkommen til kyrkjekontoret.



Frå Vikebygd helsa Brit Nelly Ness Tveit som har lang fartstid i soknerådet og nå er vald inn i bispedømmerådet.



Frå Vats helsa Per Egil Meling med ord og song.

FELLES SOKNERÅD Skjold-Vats

-Vikebygd sokn

Fra soknerådet, redigert av redaktøren
Foto: S. Skartland

– Me ser fram til ei spennande tid som felles sokneråd for Skjold, Vats og Vikebygd, fortel leiaren Sunniva Tveit Gregersen.

– Allereie før samanslåinga har det vore mykje samarbeid mellom dei tre sokna, og me hører til same tenesteområde. Det nye soknerådet ynskjer å leggja til rette for eit vidare godt samarbeid -og eit godt felleskap mellom bygdene. Samstundes ynskjer me å løfta fram styrkane og særeigenheitene ved kvart sokn og kvar kyrkje.

Soknerådet har brukt tida sia valet å bli kjent med kvarandre, og dei ulike motivasjonane for å sitja i rådet. Dei har konstituert seg, med Sunniva Tveit Gregersen som leiari, Iren Elke som nestleiar, Ingrid Mathilde som sekretær og Per Arvid Fatland som kasserar. Elles er Steinar Sørhus (Vats), Arne Tveit (Vikebygd) og Karianne Dagsland (Skjold) faste med-



Bak f.v.: Arne Tveit, Steinar Sørhus, Kjell Sigmund Bakke, Ellen Marie Andersen, Annhild Mortveit Sundfør, Inger Kathrine Sundve, Iren Elke, Ingrid Mathilde Sørvåg og Ingrid Tveit.
Framme f.v.: Sokneprest Torgeir Vea, Per Arvid Fatland, Sunniva Tveit Gregersen, Malin Eidhammer Krakk og Karianne Dagsland. (Sjå alle innvalde i Hyrdingen nr. 4-2023).

lemmer i Fellesrådet.

– Når det kjem til konkrete visjonar ynskjer me å involvera kyrkjelydane i dette og ha ein diskusjon kring kva prioriteringar soknerådet skal gjera. På denne måten kan me jobba ut frå flest mogleg sine ynskjer og behov. Me vil difor invitera til årsfest i Skjold

kyrkje 18.02 kl. 18.00. Her vil me gå gjennom sokneråda sitt arbeid gjennom året som gjekk, og drøfta kva me ynskjer å prioritera for tida som kjem, fortel Sunniva som håpar flest mogleg frå Skjold, Vats og Vikebygd kjem for å dele gode tankar og idear.

Fullt hus då Julekoret med fleire hadde konsert i Skjold 17.12.



Tekst og bilet: Steinar Skartland

Det var fullt til siste plass i Skjold kyrkje søndag 17. desember til konsert. Julekoret under leiing av m.a. Kari Synnøve Velde Haugen var sett saman av 39 glade songarar frå fleire bygder i kommunen og fekk hjelpe av fleire barnekor, songgrupper, dyktige musikarar og solistar.

Julekoret hadde 39 gode songarar frå fleire bygder og hasta stor applaus frå salen.

Vindafjord Soul Kids og Soul Children hadde fleire unge solistar på songane, m.a. «Under Stjernene» med solistane Hannah, Una og

Rebekka. Mellom dei mange musikarane var også Gamma Groove Collective med Jonas Berentsen, Jakob Berentsen, Marcus Roe og Sindre Roe. Vikebuen Vegard Skartland song saman med Vendel-Agape Hide m.a. på: «Det hev ei rosa sprunge», til musikk av Arne Tveit.

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.



Knaphus BIL

5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76

Knaphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank SR-BANK

Haugesund Sparebank

Isvik Bedehus 50 år



Bedehuset i Isvik stod ferdig i 1974 og fekk påbygg og ombygging i 1990. 8. mars i år markerer dei 50-års jubileet.

Salen, som kan delast med ei foldedør, har 300 sitteplassar. Framme i salen

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - joker.vikebygd@joker.no

Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - www.olenbetong.no

Ølen auto

tsrevisjon

Karmsundsgata 4 – 4250 Kopervik



GRANBERG GARVERIA

Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg

Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

Dato	Tid	Stad/kirke	Info: Sjå kunngjering av endringar på vindafjord.kyrkjer.no	Bibeltekst
25/02/24	11:00	Bjoa kyrke	Gudsteneste.Takkoffer: Misjonsprosjektet	Luk 7,36-50
25/02/24	11:00	Sandeid kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Hyrdingen	Luk 7,36-50
03/03/24	11:00	Kyrkjelunet Ølen	Gudsteneste, Takkoffer: Hyrdingen	Mark 9,17-29
10/03/24	11:00	Vats kyrke	Gudsteneste, Takkoffer: Menighetsfakultetet	Joh 3,11-16
10/03/24	11:00	Vikedal kyrkje	Familiegudsteneste, Takkoffer: Lokal trusopplæring. Skattejakt.	Joh 3,11-16
17/03/24	11:00	Kyrkjelunet Ølen	Gudsteneste, Takkoffer: Oppussing av kyrkja. Årsmøte.	Luk 1,46-55
17/03/24	11:00	Skjold kyrkje	Familiegudsteneste, Takkoffer: Trusopplæring i Skjold, Vats og Vikebygd	Luk 1,46-55
17/03/24	11:00	Sandeid Kyrkje	Familiegudsteneste, Takkoffer: Kirkens Bymisjon. Skattejakt. Årsmøte.	Luk 1,46-55
17/03/24	13:00	Vikebygd kyrkje	Familiegudsteneste, Takkoffer: Trusopplæring i Skjold, Vats og Vikebygd	Luk 1,46-55
24/03/24	11:00	Fjellstøl Skian-legg	Gudsteneste, Takkoffer	Matt 26,6-13
28/03/24	19.00	Kyrkjelunet Ølen	Kveldsgudsteneste. Takkoffer: Evangeliesentrene.	Luk 22,14-23
28/03/24	19:00	Vikedal kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer	Luk 22,14-23
29/03/24	11:00	Vikebygd kyrkje	Pasjonsgudsteneste, Takkoffer: Sjømannskyrkja	Mark 14,26-15,37
29/03/24	11:00	Imsland kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer	Mark 14,26-15,37
31/03/24	11:00	Skjold kyrkje	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer: Det Norske Misjonsselskap	Matt 28,1-10
31/03/24	11:00	Sandeid kyrkje	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer: Redd Barna	Matt 28,1-10
31/03/24	11:00	Kyrkjelunet Ølen	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer: Kirkens bymisjon.	Matt 28,1-10
31/03/24	13:00	Bjoa kyrkje	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer: Kirkens Bymisjon	Matt 28,1-10

FRÅ KYRKJEBOKA OG KUNNGJERINGAR

Ølen	Døypte	Døde
	29.10.2023 Anne Lillian Matre Rullestad 05.11.2023 Ludvig Arnestad Østbø 19.11.2023 Jonah Nordtveit Rullestad 19.11.2023 Isak Remman 05.11.2023 Ludvig Arnestad Østbø	15.11.2023 Anna Terese Frønsdal f. 1934 27.11.2023 Theodor Emil Myrbø f. 1942 28.11.2023 Sanna Marie Ulriksen f. 2023 06.12.2023 Magnhild Øvrevik f. 1931
Sandeid	15.10.2023 Synnøve Ohm 15.10.2023 Aurora Ådland Lothe 15.10.2023 Sofia Ådland Lothe 26.11.2023 Solveig Ramsfjell Mjølhus 14.01.2024 Kåre-Isak Bjørnstad Backlund	30.09.2023 Laila Sonja Skulerud f. 1944 31.10.2023 Reinhardt Tøresen f. 1959 25.11.2023 Synnøve Endresen f. 1953 27.12.2023 John Vestbø f. 1950
		17.10.2023 Kristoffer Blikra f. 1938 23.11.2023 James Armand Hunt f. 1936 28.11.2023 Steinar Elkje f. 1948 11.01.2023 Elinbjørg Marie Birkeland f. 1939
Vikedal		
Imsland		
	08.10.2023 Håkon Johannes Nilsen	
Vats		
Skjold		
	12.11.2023 Bjarne Johan Dagsland 12.11.2023 Hedvig Marie Urdal Mortveit 12.11.2023 Herman Urdal Haraldseid 14.01.2024 Dylan Dan Ramiro 14.01.2024 Jens Paul Olsen	10.10.2023 Solveig Moldesæter f. 1939 09.10.2023 Olena Thomassen f. 1928 14.11.2023 Sigfrid Haraldseid vf. 1933
Vikebygd	01.10.2023 Tage Løvhaugen Aarak	29.12.2023 Kåre Nesse f. 1932

KUNNGJERINGAR

Torsdagtreff på Kyrkjelunet

kl. 11.00 - 13.00. 7. mars; 4. april, 2. mai og 6. juni Pris kr 100,-. Alle hjarteleg velkomne! Arr: Soknerådet Ølen og Bjoa / Diakoniutvalet.

Fellesforum på Kyrkjelunet

Torsdag 14. mars kl. 19.00 skipar Ølen NMS til «Fellesforum». Tidl. kultursjef i Tysvær kåserer. Temaet er: «Om eg var ein rik mann». Det vert song, musikk, matøkt, mini-basar og kveldstankar.

60+ treff i Skjold kyrkje

Diakoniutvalet i Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd inviterer til uformelt, sosialt samvær i kyrkjelydsalen, siste torsdag i månaden. Prat, kaffi, utloddning, kåseri og andakt (sjá plakat for meir info). Neste dato: 29.2. Velkommen.

dugnad, men vi leiger tenester frå Omega 365 Design til layout, trykk hos Kai Hansen trykkeri og distribusjon i Posten. Rekneskapen blir ført av kommunen, og revidert av kommunen sin revisor (som del av Fellesrådet sin rekneskap). Takk for gode tilbakemeldingar og lokalt stoff om det som skjer i ditt kyrkjesokn. Hyrdingen er soknerådet sitt informasjonsblad til deg.

Bladpengar til kyrkjebladet

Av: Steinar Skartland

Tusen takk til alle dykk som nyttar giroen eller VIPPS (531472) og betaler inn bladpengar eller gåver til Hyrdingen sin konto i 2023. Dette er viktig for at vi skal kunne laga og senda ut kyrkjebladet for Vindafjord til alle husstandane i kommunen.

Kyrkjelunet i Ølen

Følg elles med på: www.kyrkjelunet.no og Facebook-sida

13.02.	tirsdag	10.30	Kurs i babysong
13.02.	tirsdag	19.00	Bønnemøte
15.02.	torsdag	19.00	Internasjonalt treff
20.02.	tirsdag	10.30	Kurs i babysong
20.02.	fredag	19.00	"Smak og se" ungdomsklubb
22.02.	torsdag	19.30	Internasjonalt treff
25.02.	søndag	19.00	Søndagsmøte
27.02.	tirsdag	10.30	Kurs i babysong
27.02.	tirsdag	19.30	Bønnemøte
05.03.	tirsdag	10.30	Kurs i babysong
05.03.	lørdag		Misjonshelg NMS
07.03.	torsdag	19.00	Internasjonalt treff
10.03.	søndag	19.00	Søndagsmøte
12.03.	tirsdag	10.30	Kurs i babysong
12.03.	tirsdag		Bønnemøte
14.03.	torsdag		Internasjonalt treff
19.03.	tirsdag	10.30	Kurs i babysong
19.03.	tirsdag		Bønnemøte
21.03.	torsdag		Internasjonalt treff

Gudstenester på Kyrkjelunet: Sjå Gudstenestelista Ølen

Vågen bedehus

Oppdatert kalender finnes på vaagenbedehus.no med meir info om

21.02.	søndag	10.00	Bønnemøte - Stad: Bygdasenteret
25.02.	søndag	11.00	Storsamling med søndagsskule Stad: Bygdasenteret.
28.02.	onsdag	19.30	Bønnemøte - Stad: Bygdasenteret
03.03.	søndag	19.30	Kveldssamling - Stad: Kyrkjelunet
06.03.	onsdag	19.30	Bønnemøte - Stad: Bygdasenteret
09.03.	søndag	11.00	Basar Ølensvåg Kvinneforening IMS
10.03.	onsdag	19.30	Storsamling med søndagsskule Stad: Bygdasenteret.
13.03.	søndag	15.00	Bønnemøte - Stad: Bygdasenteret
15.03.	onsdag	19.30	Kveldssamling Stad: Kyrkjelunet. Talar: Johan Halsne. Tema: Nesten hjemme. Fokus på endetid.
17.03.	søndag	19.30	Kveldssamling Stad: Kyrkjelunet. Talar: Johan Halsne. Tema: Nesten hjemme. Fokus på endetid.
20.03.	onsdag	19.30	Bønnemøte - Stad: Bygdasenteret

Vikebygd bedehus

16.02.	fredag	19.30	Lys over Land med Fiskågutane
21.02.	onsdag	19.00	Mat og prat på bedehuset
06.03.	onsdag	19.00	Basar m. Årsmøte og mat
10.04.	onsdag	19.00	Mat og prat på bedehuset

Øvre Vats bedehus

28.02.	onsdag	19.00	Møte NMS
05.03.	tirsdag	11.00	Formiddagstrekk kl. 11-13
21.03.	torsdag	19.00	Møte Lys over Land
10.04.	onsdag	19.00	Møte NLM
07.05.	tirsdag	11.00	Formiddagstrekk kl. 11-13
04.06.	tirsdag	11.00	Formiddagstrekk kl. 11-13

ARKEN Bedehus i Vats

www.arken-vats.no

14.02.	onsdag	19.00	Møte med Sarepta
15.02.	torsdag	17.30	Sprell levande
15.02.	torsdag	19.00	Bønnemøte
18.02.	søndag	19.00	Søndagskveld på Arken
19.02.	måndag	19.00	Årsmøte Arken
21.02.	onsdag	19.00	Møte med Indre Sjø

Mykje spennande i trusopplæringa i denne våren.

Av Ester Limstrand Åsheim,
kyrkjelydpedagog

Etter ein fantastisk spennande haust som kyrkjelydpedagogar og kateket står me klar til å famne ein ny vår med mykje kjekt opplegg. Denne våren har me ikkje trusopplærarar, berre kyrkjelydpedagog og kateket.

5.klassingar var på leir allereie no i januar.

Konfirmantane våre skal på leir i februar. Dei er så stort kull i kommunen dette konfirmantåret, at det måtte setjast opp to leiarar og gruppa måtte delast. Hadde konfirmantane fått velje hadde det nok vore felles i ei stor gruppe med eit herleg kaos. Me vaksne tok til fornuft og fann ut det var lurt å dele dei opp litt.

1.klassingar i heile kommunen skal få vere med på skattejakt denne våren. Dei skal få bli meir kjende i si lokale kyrkje. Her blir det leit etter ting i kyrkja, formingsaktiviteter, song og forteljingar frå bibelen.

2.klassingar skal få vere med på brubyggjar som har tema pinse. På desse samlingane bruker me ein del Lego. Me byggjer bru, har formingsaktivitetar og får høyre historia til Peter som fortel om pinsen.

7.klassingar i heile kommunen blir inviterte på opplegget «Høgt og lågt med Gud». Våren 2023 var første gong dette var gjennomført og me var då i klatreparken på Nedstrand. Her var det klatring, postar og mat. Mykje mat. Me kryssar fingrar for at dette let seg gjennomføre i år og. Me som trusopplærarar har lagt det inn i planen vår.

8.klassingar får i slutten av vårhalvåret være med «På val». Ein kveld



Utdeling 4-årsbok i Vikedal kyrkje 2022 foto Andreas Andreassen.

der dei blir presentert for konfirmasjon, kva som skjer i konfirmantåret og om dei vel å vere med på dette. Ein kveld for både foreldre og ungdommar.

Babysong startar nytt kurs i løpet av våren og har samlingar fast ein gong i veka, 10 gonger. Her møter ein opp og syng saman. Me syng nye songar og gamle, kjære og kjende songer. Det er lunsj og samling etterpå. Mange foreldre synes dette er ein god sosial møteplass midt i kvardag og bleieskift.

3-5 åringar i Vikedal og Imsland får i januar/februar bli med på «Supersong på bedehuset» i Vikedal. Der syng me, spelar rytmeinstrument, dansar og leikar. Alle er med i leiken, både ungane og dei vaksne.

Barnehagane får òg invitasjon i løpet av våren. Det første dei blir invitert inn på er påskevandring. Barnehagane kjem, og me tek vandringa frå palmesøndag fram til Jesu oppstode. Ei ganske intens historie. Då er det godt å ha kyrkjelydpedagogar og kateket med pedagogisk utdanning som klarar å formidle historia på ein forståeleg måte for borna og møte dei i undringa undervegs. Pinsefest er òg noko barnehagane får bli med på. Dette er og ei



4 åringar i Skjold kyrkje januar 2022 tenning av lys i lysgloben. foto Britt Karstensen.

historie som kan være utfordrande for enkelte vaksne å formidle. Men kyrkjelydpedagogar og trusopplærarar og kateket brukar konkrete og dramatisering når dei reiser gjennom historia om pinsen. Her er det full feiring av kyrkja sin bursdag. Glede og fargar.

Slik går våren før me plutsleig er på hausten igjen med 3.klassingar på gardsbesøk, 4-åringar som skal få 4-årsbok, tumlande 2-åringar og mykje meir. Du og du så spennande det er å arbeide med trusopplæring i Vindafjord!

Andaktstelefonen
380 91 700
Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag
Tjenesten er gratis

**Korleis har du det...
EIGENTLEG?**
Eit menneske å snakke med når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 21.mars
Frist for levering av stoff er 21.februar